



Innsamlinga til Ukraina held fram. (Arkivfoto frå tidlegare levering).

I midten av mars dette året, var THK-traileren lasta og stod klar for tur til Ukraina. Ein stor del av lasta var samla inn i Kvinnherad. Mange var med og gav til sendinga. Ikkje minst imponerte Sport 1, Husnes, med eit gedigent bidrag. To dagar før avreise vart turen utsett grunna koronaviruset. Mange lurar sikkert på korleis det gjekk med dei innsamla varene.

Traileren stod lasta i Haugesund til midt i Mai. Då kørde THK dette lasset til Korosten, Ukraina. Turen gjekk bra og alt kom fram til mottakarane. Gjennom heile sommarhalvåret har turane gått til Ukraina, Romania og Estland.

Ukraina – lageret i Uskedalen tek mot sekker ol. til hjelp for fattige i Ukraina. På grunn av koronaviruset har vi vore lite offensive ei tid. No ynskjer vi å intensivera innsamlinga. Vi bed om at dei som kjem med sekker, held seg til smittevernreglane . Vi tek ikkje mot kontantar, men ein kan bruka Vipps og bankkontobetaling.

Vi tek mot brukte klede, sko, tepper, sengkledde, gardiner, sportsutsyr (gjerne lagsdrakter som vert skifta ut i idrettslag), barnevogner, rullatorar og mykje, mykje meir. Kleda og tinga må vera heile og reine.

Tekst: THK-stiftelsen

Foto: Arkivfoto

Nett: Kristian Bringedal